

# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 2 — JUNI 1977  
10. ÅRG.



## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna.

Redaktørar: Ingvar Fykse, Åge Olausen.

Redaksjonsnemd: Finn Halle Tvedt, Harald Haugsvær,  
Knut Brakstad.

Forretningsførar: Bjørg Hellesøy

Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands kr. 20,-.

Postgiro nr. 1.3104445.

Dagens Trykkeri, Bergen.

## ARNA PRESTEGJELD

Prestekontoret Indre Arna: Tlf. 24 04 00.

Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10–11.30.

Torsdag kl. 17.30–19.00.

Prestekontoret Ytre Arna: Tlf. 24 13 25.

Kontortid: Torsdag kl. 18.00–19.00.

Onsdag kl. 10.00–11.00.

Arna kyrkjelyd sin dagheim: Tlf. 24 12 45.

Adresser:

Sokneprest Finn Halle Tvedt, Vollav. 31, Indre Arna tlf. 24 02 72.  
Res. kap. Ingvar Fykse. Gamlev. 8, Ytre Arna. Tlf. 24 13 25.

Fung. klokkar Severin Hamnøy, Høgatun, Indre Arna.

Klokkar Per Sæle, Skulev. 10, Ytre Arna. Tlf. 24 13 10.

Organist Solveig Tesdal, Stølsvegen 25, Indre Arna. Tlf. 24 16 06.

Organist Michael Knutsen, Tyriv. 20, Eidsvåg. Tlf. 25 63 48.

Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølsv. 15, Indre Arna. Tlf. 24 09 65.

Kan treffast i Borgstova, tlf. 24 07 39, tysdag og torsdag 17.00–18.00,  
og onsdag, fredag 10.00–11.00.

Vik. kyrkjetenar Arthur Askeland, Haugland. Tlf. 24 11 55.

Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth, Indre Arna,  
tlf. 24 05 69, kontortid mand.–fred. kl. 12.00–13.00.

Soknerådsformann i Arna, Ingmar Ljones, Stølsv. 111a, Indre Arna,  
Tlf. 24 15 94.

Soknerådsformann i Ytre Arna, Per Sæle, Skulev. 10, Ytre Arna,  
tlf. 24 13 10.

# Prøvd —

# og funnen stor!

*Vi lever i ei tid prega av store ord. Det er ikkje mangel på sterke forsikringar og fagre lovnader. Vi møter dei mest kvar dag. Vi vert bombardert med dei — og vi bombarderer med dei. Vi gøymer oss bak dei.*

*Men ofte gjekk dét slik at vi miste tiltrua til dei sterke uttrykka. Vi høyrde dei, men samstundes høyrde vi dei ikkje. Kvifor denne avsmaken på dei fagre lovnadene?*

*Jau, vi merka så ofte at det ikkje var dekning for det som var sagt. Det var ikkje realitet bak orda. Vi prøvde dei — og fann at dei ikkje heldt. Og så gjekk vi trøytt — naturleg nok.*

*«Gud er vår tilflukt og vår styrke, ei hjelp i trengsler, prøvd — og funne stor», les vi i den 46. salmen i Bibelen.*

*Salmisten brukar her sterke ord. Ikkje om menneskelege lovnader, men om Gud. Ikkje det at han har kome unna alle trengsler. Ikkje det at han har sluppe motgang. Det er nettopp i tunge og vanskelege tider han har lært Gud å kjenna. Difor vert vitnemålet hans så sterkt.*

*Det er dette som gjer det så realistisk. Det er i vanskane han talar om Gud og seier han er «ei hjelp i trengsel, prøvd og funnen stor». Det er realitet bak orda! Dette er også mitt vitnemål. Gud er trufast! Har du lært Gud å kjenna slik?*

Nils Arne Lavik

## Takk til Diakonklokkar Åge Clausen

Skal Clausen slutta? Han var kome så godt i gang med arbeidet her, og me venta at han snart skulle vera ferdig med siviltenesta og ta til i kyrkjelyden att. Slike spørsmål og kommentarar har kome til meg fleire gonger i det siste. Like fullt er det eit faktum at Clausen skal slutta den 22. juni d.å. og ta til som sosialsjef i Osterøy like etterpå.

Sjølv om tenestetida her i Arna vart så altfor stutt, er det likevel mange som vil takka han for det han har fått utført. Mange kjenner Clausen frå trufast klokkarteneste i kyrkja. Men det er berre ein del av stillinga. Mykje av arbeidet til diakonen er av det slaget at det er få som legg merke til det, og ein skal heller ikkje blåsa i luren om det.

Likevel har eg frå mange hald fått greia på at Clausen sitt kristne, diakonale og sosiale engasjement har vore til stor hjelp og rettleiing for mange, både einslege og ektefeller, eldre og unge. På ein fin måte har han kome i kontakt med, og hatt omsut for, menneske med sosiale vanskar, dei med fysisk/psykisk handikap, ja, i det heile dei som er vanskeleg stilte mellom oss.

Arna vart fyrste arbeidsplassen til Clausen etter at han var ferdig med utdanninga. Han tok til i tenesta med optimisme og mange gode idear som skulle setjast ut i livet med ein gong. Men det viste seg at ikkje alle ideane kunne realiseraast med det same. Miste så Clausen motet? Nei, han er jamt optimistisk og har ei eiga evne til å arbeida målmedvite og oppmuntra medarbeidarane sine. Eg har hatt den glede å samarbeida med han i denne tida. I det administrative arbeidet til Clausen

er samarbeid og fellesskap nøkkelord.

Som før nemnt, er det mange av diakonen sine tenester som er ukjende for folk flest. Likevel vil eg få nemna at den tida Clausen har vore her, har det vorte skipa tilvod for dei fysisk/psykisk funksjonshemma. Clausen var med og gjorde opptakt til samvær for pensjonærar i trygdebustadane i Ytre Arna, Diaconiutvalet og diakonal teneste har kome godt i gang med arbeidet, og sist, men ikkje minst, vil eg nemna at monteringsarbeidet med høyre/høgtalaranlegg i Arna kyrkje tek til i desse dagar.

Det er eit tap for kyrkjelyden at Clausen og huslyden skal reisa. Ei lita trøyst kan det vera at me kan halda kontakten oppe over sundet til Osterøy.

Arna kyrkjelyd vil takka Clausen og huslyden for tenesta her i Arna og ynskja dei Guds signing vidare i arbeidet.

Ingmar Ljones

### Barneparkeringa

under gudstenesta i Ytre Arna har vi dverre mått innstille då det var så få foreldre som nytta seg av tilbodet. Behovet vil avgjere om dette skal takast oppatt seinare.

### Redaksjonsnemnda


for kyrkjelydsbladet misser eit verdifullt medlem i og med at diakonklokken vår sluttar.

Åge Clausen har vore ein flittig bidragsytar til bladet og ein initiativrik og iderik skribent. Vi takkar for innsatsen!

Red.

## DIAKONIUTVALET I ARNA SIN

## «AKSJON HØYREANLEGG»



Ei sak  
som tydeleg  
«slår an»  
hos folk!

Innsamlinga for å skaffa midlar til høyre/høgtalaranlegg har gått over all forventning. I skrivande stund (1. juni) er me kome til kr. 15.110,—!!

Det gler oss å sjå at ei slik sak vinn fram. Me har i altfor lang tid gløymd dei hørselsvekka — no kan med snart sjå dei mellom oss i kyrkja att!

Monteringa av anlegget vil ta til i desse dagar. Det vil nok ta noko tid, for ingenør Vik brukar fritida si til dette omfattande arbeidet. På seinsomaren ein gong? Til då skulle me kanskje ha alle dei 25.000,— kronene som må til?

No står det berre kr. 10.000,— att — HAR NOKON GLØYMD POSTGIRO NR. 3954328. Me har von om å få i alle fall nokon av desse frå Bergen kommune. Etter eit slikt innsamlingsresultat mellom bygdefolket tar nok kommunen og del!

Til slutt ei hjartans takk til bydelsutval 11 og 12, nokre bedrifter (dverre litt for få?) og alle enkeltpersonane som har gjeve sine gåver.

«KORLEIS KAN DEI TRU, DER DEI IKKJE HAR HØYRD?»

A.C.

# «NØDHJELP 77»



Visste du at 80 000 born dør av svolt eller underernæring kvar dag? Visste du at verda vår har 800 millionar menneske som er analfabetar?

Nauda i verda er enorm, tronen for hjelp er veldig. Alle kjenner Kirkens Nødhjelp og det denne organisasjonen står for.

Den 30. oktober i år vil Kirkens Nødhjelp i samarbeid med NRK arrangere ein landsomfattande bank-på-aksjon. Aksjonen har fått namnet «NØDHJELP 77».

Aksjonen har eit opplegg med lokale aksjonskomitear i kvar kyrkjelyd i heile landet.

Diakoniutvalet vårt har førebuett aksjonen her i prestegjeldet, mellom anna med å ha fått oppnemt aksjonskomite både for Arna og Ytre Arna sokn.

Formann for aksjonskomiteen i Arna er undervisningsinspektør Harald Haugsvær og i Ytre Arna skulestyrar Bjørn Rakland.

Eit godt resultat av «NØDHJELP 77» vil først og fremst vere avhengig av eit stort og godt motivert besøkskorps. Ein reknar med at ein totalt i heile landet vil trengje ca. 100 000 innsamlarar for å ha full dekning. Berre for Arna vil vi såleis ha bruk for 300 personar. Men vi trur at det skal ikkje bli vanskeleg å skaffe dei.

Meir om «NØDHJELP 77» i eit seinare nr.

## Tankar etter konfirmasjonen

Så er konfirmantåret slutt for i år. Det som tok til med innskrivingsdagen sist haust og vart avslutta konfirmasjonssøndag i mai.

Gjennom konfirmantåret har dei unge regelmessig møtt til undervisning hos prest eller kateket. Sentrale sider ved den kristne barnelærdomen er blitt gjennomgått og repetert.

Ein del av denne tida vart undervisninga lagt opp med gruppessamver. Dette gjeld for konfirmantane i Arna sokn. Saman med ein gruppeleiar samlast dei urte i private heimar til bibellesing og samtale. Denne avvekslinga frå vanleg klasseundervisning til mindre grupper, er kjærkomen for dei unge. Ei varmt takk til alle dykk som har vore gruppeleiarar og/eller har opna heimen dykkar for dei unge.

Konfirmasjonssøndag vart ei fin samlingsstund i kyrkja. Det er alltid festleg slike dagar når slekt og vener er i lag. Dei unge treng det fellesskapet gode vener kan gi. Difor må vi også i komande dagar stå saman kring dei unge. Dei treng

hjelp og rettleiing meir enn negativ kritikk og skjønn.

«Meir enn du anar» var tittelen på konfirmantboka vi har brukt. Boka er meint som ei lærebok til støtte for konfirmantundervisninga. Men boka kan brukast også etter konfirmasjonssdagen. Sær finn er dei mange «Prøv sjølv»-oppgåvene. Dei gir hjelp til personleg bibellesing. Og det er viktig. Vi har lagt stor vekt på å ta i bruk det Nytestamentet konfirmanten fekk hos kyrkjelyden. Guds ord er det verkty Den Heilage Ande brukar for å gi næring til gudslivet i oss. Difor må ordet få ein sentral plass.

Konfirmasjonstida gir dei unge ein sjanse til å ta kristendomen på alvor. Ein blir igjen minna om at den pakta Gud gjorde med oss i dåpen, står frå hans side framleis ved lag. No står det så opp til kvar av oss om vi vil la Gud få den plassen i livet vårt som tilkjem han.

Vi synskjer til lukke med konfirmasjonen, og vonar vi ofte kan møta dykk unge att i eit kristent felleskap.

H. Haugsvær

## Konfirmantar i Arna kyrkje

Søndag 15. mai kl. 12.15:	Hauge, Even	Mjelde, Ivar
.Arnetvedt, Frode	Hauge, Jan	Nordbø, Geir
Bakken, Erling	Haugland, Stein	Reknes, Kjell-Arne
Bendiksen, Kenneth	Herland, Leif Frode	Ribesen, Kjell-Age
Blokhus, Ottar	Hope, Øyvind	Rolland, Øystein
Brekke, Dag Vermund=	Horvei, Olav Hrald	Romslo, Einar
Drangevåg, Trond	Johannessen, Geir	Vevle, Tom Victor
Duesund, Kåre	Kjørlaug, Geir	Zinke, Roald
Egeland, Karstein	Kvam, Per Inge	
Gangstø Jan	Lavik, Rune Knut	
Hammersland, Geir	Lohne, John Dahl	
Hammersland, Jan Otto	Midtun, Jørgen	
		Anthun, Svanhild
		Bakke, Nina
		Borge, Marianne

Brandal, Anne-Bente  
Eknes, Tone  
Faugstad, Ingunn  
Hauge, Marit  
Haukeland, Susan Margrete  
Havre, Mariann  
Heggertveit, Anne  
Herland, Ingunn  
Hoff, Linda  
Korneliussen, Britt Karin  
Kversøy, Grethe-Karin  
Krossvoll, Torill  
Lavik, Vigdis  
Lie, Ase-Elisabeth  
Mala, Anne Britt  
Midtun, Mariann  
Minde, Elin  
Moen, Turid  
Nordanger, Anne-Lin  
Runningen, Anne Berit  
Rølland, Janniche  
Sandvik, Åse-Karin  
Steinkjær, Rita Jannie  
Sulebakke, Linda  
Sunde, Inger Margrethe  
Totland, Anne-Britt  
Tveit, Anna Kristina  
Vedvik, Reidun  
Aardal, Rone Berit

Søndag 8. mai kl. 11.00:

Amundsen, Trond  
Davidsen, Jan Yngve  
Erichsen, Truls Birger  
Garnes, Jan Gustav  
Gjerdevik, Tor Erik  
Grindheim, Arne  
Gundersen, Helge  
Hansen, Øyvind  
Helle, John Erik  
Herland, Heine  
Hermansen, Jan Herman  
Holsen, Knut Helge  
Jakobsen, Alf  
Jensen, Svein Erik  
Litsheim, Frank  
Dacrise, Tore Marcello  
Mjelde, Rolf  
Mjelde, Øystein  
Nygård, Kjartan  
Rådmannsøy, Eilif  
Solberg, Helge

Strandenes, Per Arne  
Vatle, Rolf  
Vik, Inge Steinar  
Vik, Jan Arnliot  
Vold, Anders  
Ytreland, Johnny  
Ødegård, Erik  
  
Alfheim, Elin  
Askeland, Linda  
Bildøy, Ingunn  
Boge, Randi  
Borge, Astrid  
Brunborg, Anne Hilde  
Halvorsen, Tone Britt  
Haukeland, Kristi Johanne  
Hope, Sissel  
Johnsen, Anne Margrethe  
Jordan, Randi  
Kleivane, Venke  
Kleppe, Siri Welander  
Langhelle, Elin Karin  
Lohne, Bente  
Magnussen, Jane  
Mjeldheim, Gro  
Opedal, Kjersti  
Rygg, Anita  
Steffensen, Birgit  
Storlid, Solfrid  
Thunes, Ann-Elisabeth  
Wetås, Torill

Søndag 15. mai kl. 10.00.

Akselberg, Einar  
Andersen, Ivar  
Antonsen, Roald  
Bjørkås, Olav  
Brekke, Brigit  
Brekke, Magne  
Bruvik, Helge  
Chruiskhank, Geir  
Dahl, Olav Birge  
Espeland, Knut Petter  
Faanness, Arne Morten  
Hemre, Lars  
Jacobsen, Kjell-Ragnar  
Jørgensen, Rune  
Kjeseth, Cato Glenn  
Kleivane, Torleif  
Mjelde, Harald  
Pedersen, Arthur  
Pedersen, Ronnie

Rasdal, Asbjørn  
Ringø, Sverre  
Sivertsen, Kjell-Rune  
Skeie, Tor  
Smistad, Tim Christian  
Solberg, Øyvind  
Steffensen, Arild

Andersen, Thrine Kate  
Bakke, Mette  
Beckstrøm, May-Britt  
Bøe, Linda  
Erdal, Marit  
Flatås, Kari  
Hasti, Marit Helen  
Heggli, Gry  
Helland, Sølvi Therese  
Hodnelid, Magnhild  
Hope, Grethe  
Jacobsen, Nina Elisabeth  
Johannessen, Hilde  
Johnsen, Tone  
Juvik, Mona  
Kjos, Eldrun Johanna  
Kvinge, Marit  
Leite, Marit  
Markhus, Marita  
Markhus, Sølvi  
Midtun, Randi  
Mjelde, Hildegunn  
Nesheim, Inger Solrun  
Nilsen, Norunn Kristin  
Rølland, Ann-Sofie  
Skåtun, Bjørg  
Svendsen, Linda Marie  
Sørstrønen, Bente  
Økland, Bente Marie  
Åmot, Wenche Iren

Konfirmanter

Ytre Arna 8. mai 1977  
Gutar:  
Angeltveit, Terje  
Boge, Jan Inge  
Dale, Geir Steinar  
Dybsland, Magne Normann  
Eide, Per  
Einmo, Bjørn Edmund  
Flatøy, Svein Inge  
Flåm, Geir Arne  
Gjone, Frode  
Haaland, Knut Jørgen

## Styrarskifte ved Arna Helseheim

Når dette vert skrive, er det vel kjent for dei fleste av kyrkjelydsbladet sine lesarar at Olav M. Sture sluttar som styrar ved Arna Helseheim i månadskifte juni/juli.

Sture overtok styrarstillinga 1. februar 1969. Før den tid hadde han mellom anna vore diakonklokkar i Birkeland og i ei årrekke også bedriftsdiakon ved ei verksemد austpå.

I dei 8 åra Sture har vore styrar ved heimen, har han lagt ned eit stort og verdfullt arbeid. I desse åra er den nye pleieavdelingen ved heimen planlagt og reist, og den eldste delen av bygningen har gjennomgått ombygging og modernisering. Det er ein moderne og velutstyrt institusjon som den nye styraren vil få ansvaret for.

Vi som har hatt vår gange på Helseheimen har merka at for Sture har alltid pasientane kome i første rekke. Han har alltid vore oppteken av å gjøre det så triveleg og heimleg for dei eldre som mogeleg. Dei er mange som vil sakna Sture og kona når dei no fer.

Fru Sture som er sjukepleiar, har

også hatt full stilling ved heimen heilt frå dei kom til Arna. Saman har dei sett denne institusjonen som ei oppgåve og lagt ned eit viktig bidrag til det den er i dag.

For oss som arbeider i kyrkjelydane i Arna kjenner vi særleg trong til å nemne at vi i styrarparket har hatt to trufaste og gode medarbeidarar. Dei har alltid sett at pasientane ved heimen er ein del av kyrkjelyden som vi har ansvaret for, og på ein fin og også betimeleg måte har dei nyttat høvet til å minne om det.

Sture har lagt tilhøva vel til rette for kyrkja si teneste på heimen, og for dette er både prestar og kyrkjelyd svært takksam.

Sture sin nye arbeidsplass blir i Oslo. Han er tilsett som forstandar ved Sofienberg menighets diakonisenter. Dette er ein institusjon som vert drive i kyrkjelyden sin regi og som mellom anna har alders- og sjukeheimavdeling, daginstitusjon for eldre og barnehage.

Vi ynskjer Olan Sture og kona lukke til i den nye tenesta og Guds signering i arbeidet som ventar.

Ingvar Fykse

Hartveit, Asgeir  
Grøttå, Morten  
Hydle, Svein Erik  
Landhaug, Fred  
Mjelde, Geir Ove  
Myhren, Johnny Steinar  
Olsen, Gerdt Roger  
Solsvik, Svein Ragnar  
Svartveit, Kjell Olav  
Svartveit, Nils Kåre  
Teigland, Helge  
Wille, Knut Olav

Jenter:  
Bergesen, Anne  
Blindheim, Heidi Linda  
Blom, Anne Kristin  
Blom, Lillian  
Brask, Karin  
Bratli, Solgunn  
Gaupås, Unni Helen  
Hana, Henny  
Hartvigsen, Marianne  
Haugland, Anne  
Ingebrigtsen, Jannecke

Kirkevik, Kate  
Kleiveland, Siri  
Kristensen, Jane Elisabeth  
Langeland, Marianne  
Larsen, Bodil  
Sagstad, Inger Margrethe  
Schei, Randi  
Sjursen, Liv Elin  
Svortevik, Jorunn  
Søilen, Unn Irene  
Vatle, Sølvi  
Vetås, Marit Karin

# Familieside



## ARNA SOKN

### Døpte:

- 13/03: Atle Hovland.  
19/03: Siri Hekland, Birte Sivertsen.  
27/03: Richard Guttormsen.  
03/04: Torill Blindheim, Camilla Vold.  
10/04: Frank Natås.  
07/04: Therese Øijord.  
01/05: Siren Marie Steindal, Solveig Tangen.  
07/05: Vidar Rongved, Kirsten Helene Rongved, Christine Renée Kjellby, Kristine Nygård, Børge Grane Vassdal, Rune Ivarsflaten.  
19/05: Solbjørg Birkeland, Marianne Birkeland.  
22/05: Ingvald Sveinsjerd Fenne.

### Ektevigde:

- 19/03: Stein Ove Steffensen og Sigrid Helene Ardal  
07/05: Pål Arverud og Astrid Karin Aasheim.

### Avlidne:

- 19/03: Egil Johannessen.  
25/03: Nils Martin Boge.  
27/02: Marie T. H. Romslo.  
03/03: Aud Randi Nordbø.  
15/03: Martina Askeland.  
20/03: Marita Lygre.  
07/04: Kaia Presttun.  
08/04: Nilsine Agathe Borge.  
14/04: Sivert Andreas Skulstad.  
24/04: Geir Askeland.  
05/05: Emma Kristine Espeland.  
16/05: Sverre Kalleklev.

## YTRE ARNA SOKN

### Døpte:

- 20/03: Thor Erik Bekkevold.  
27/03: Johannes Aasheim, Knut Bjørgen.  
03/04: Tina Lien, Egil Landøy.  
10/04: Camilla Haugland.  
17/04: Ann-Kristin Herland (Arna).

01/05: Richard Nelson, Ove Steinar Mikkelsen.  
07/05: Ronny Nesse (Arna).  
19/05: Monica Tømmerstrand.

### Vigde:

- 14/05: Arne Dalen og Inger Margrethe Rolland.

### Avlidne:

- 31/03: Gerd Evelyn Norvik, f. 1921.  
18/04: Kristine Sjursen, f. 1906.  
19/04: Lars Rolland, f. 1909.  
23/04: Hildur Ekanger, f. 1915.  
01/05: Mårie Ekanger, f. 1883.  
18/05: Anders Faugstad, f. 1901.

## Ny diakon til Arna

Den 1. august tek Magne Songstad til i stillinga som diakonklokkar i Arna.

Han er nyutdanna sjukepleiar-diacon frå diakonhjemmet i Oslo. Magne Songstad, kona hans Ingjerd og dei to borna deira vil busetja seg i Høgatun. Kanskje nokon vil møta dei når flyttelasset kjem?

Magne Songstad vil verta vigsla til diakon under kveldsgudsteneste den 21. august i Arna kyrkje i domprost Hans Høyvik.

Me bed kyrkjelyden minnast Songstad og huslyden hans i sine bøner. «Eg hev ei tenasta stor for Gud — frå dag til dag i det stille . . .»  
red.

## Blomar til alle høve!

Utplantingsplanter i rikt utval.

## TRYGVE GARNES,

Gartneri — Telefon 24 04 01 — Garnes.  
Utsal: Espeland — Tlf. 24 17 27.

## Kyrkjelydsturen

skulle etter planen ha blitt før sommarferien, men fleire ting kom i vegen så det let seg ikkje gjennomføre. Men kyrkjelydstur skal det likevel bli i år og.

Den 28. august går turen til Strandebarm (ytre Hardanger). Ver gild og merk av denne datoен alt no! Praktiske opplysningar om påmelding o.l. kjem vi attende til.

## Til menighetens kvinner

Tirsdag 20. september begynner vi et nytt kurs for kvinnelige menighetsarbeidere i Domkirkenes menighetshus, Kalfarvei 10. Kurset er på 12 kvelder og koster kr. 40,-.

Nærmere om kurset i menighetsbladet etter sommerferien. Innmelding kan sendes Jussi Phil, Nøstegt.

42 5000 Bergen.

Kurskomitéen

## Sunnhordland Folkehøgskule

5455 Halsnøy kloster  
Tlf. Sæbøvik 27

Nytt årskurs frå 29. august.  
Praktiske og teoretiske kurs.  
Stipend og lån frå Staten.

Skuleplan fritt.  
Skriv eller ring!

Sigurd Sandvik

## Kyrkjelydshuset i Ytre Arna

er framleis under ombygging, men snekarane er snart ferdige med arbeidet sitt.

Utvendig ser ein ikkje så store forandringar, berre vindauge i første høgda er skifta ut. Men innvendig er det gjort mykje arbeid, og her er forandringane store.

Vigled oss til vi kan ta huset i bruk. Kanskje kan vi begynne så smått å nytte det når det lid ut på hausten?

## Salmar 73

I Arna har soknemøte vedteke å innføre «Salmar 73» i gudstenesta ved sida av nynorsk Salmebok.

Vi minner nok ein gong om at salmeboka er å få kjøpt hjå urmakar Kleiveland i Indre Arna. Pris kr 12,-.

Og vi vil oppfordre kyrkjefolket til å skaffe seg boka.

## I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 240496

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 240808

Begravelser og bisettelser ordnes  
Transport med egen bil  
Annonser, sanger, sløyfer  
Monumenter besørges oppsatt

## ESPELAND GARTNERI

Telefon 240809

Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi



## -De trenger en rådgiver i forsikring

— Assurandør Olav A. Hovden —  
Gir Dem bistand med et fornuftig og  
oversiktlig poliseopplegg.

Ring, stikk innom eller send noen ord.

### **Storebrand-Jdun**

**FOR SIKKERHETS SKYLD**

Postboks 17 — 5260 Indre Arna  
Telefon 241532 — Privat 280811

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning  
Hugs at vi har laveste pris,  
og det De kjøper her kan De få reparert her.

### **ARNA VARESALG A/S**

Ytre Arna — telefon 241188  
Arnatveit — telefon 241970

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

**EL-KJØP**

### **La oss snakke forsikring sammen!**

Du vet hva du trenger av trygghet.  
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.  
Velkommen til en hyggelig prat  
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

**INSPEKTØR GUNNAR JACOBSEN**

FORSIKRINGSAKTIESELSKAPET LIVSFORSIKRINGSSELSKAPET  
**VESTA**  **HYGEA**

Herredshuset, Indre Arna — Telefon 240700

### **Solstrands Blomsterforretning**

Hollendergt. 4, tlf. 232050

### **Solstrand Begravelsesbyrå**

Herm. Fossgt. 11, tlf. 232050

Alltid til tjeneste

### **VESTLANDSBANKEN**

Banken i Arna — for Arna-folk,  
der alle kundar, store som små,  
er hjarteleg velkomne.

### **VESTLANDSBANKEN, avd. Arna**

### **ALLE VET**

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss  
De også. Vi gir god service.

### **KVERSØY BILFORRETNING**

ESPELAND  
Telefon 24 00 17 — 24 08 45

# Velkommen til kyrkje \*

## Preikeliste for Arna

- 26/06: Arna: Res. kap. Fykse. Nattverd.  
Trengereid: Kl. 18.00 res.kap. Fykse. Nattverd.
- 03/07: Ytre Arna: Res.kap. Fykse. Nattverd. Offer til Misjon bak Jernteppet.
- 10/07: Arna: Res.kap. Fykse. Nattverd. Offer til Misjon bak Jernteppet.
- 17/07: Res.kap. Fykse. Offer til Norges Samemisjon.
- 24/07: Arna: Sokneprest Tvedt. Nattverd. Offer til Barnevernsinstituttet Dronning Mauds Minne.
- 31/07: Ytre Arna: Sokneprest Tvedt. Nattverd. Offer til Norges Kr. student- og skoleungdomslag.
- Trengereid: Kl. 18.00: sokneprest Tvedt. Nattverd.
- 07/08: Arna: Sokneprest Tvedt. Nattverd. Offer til Arna bedehus og Bjørgvin bispedømmeråd.
- 14/08: Ytre Arna: Sokneprest Tvedt. Nattverd. Offer til Den Indre Sjømannsmisjon.
- 21/08: Arna: Res.kap. Fykse. Offer til Dei fire Diakoniinstitusjonane.  
Kl. 19.00: Domprost Hans Høivik. Innviing av Magne Songstad til diakonklokkar i Arna.
- Trengereid: Sokneprest Tvedt. Nattverd.

### Ferien 1977

Sokneprest Finn Halle Tvedt: ferie 20/6–17/7  
Res.kap. Ingvar Fykse: ferie 18/7–14/8  
Organist Solveig Tesdal: ferie 20/6–17/7. Vikar Michael Knutsen.  
Organist Michael Knutsen: ferie 18/7–14/8. Vikar Solveig Tesdal.  
Kyrkjeteren Monrad Ulveseter: ferie 21/6–18/7. Vikar Berthe Ulveseter.

### Kyrkjegardsarbeidarane:

Emil Dalseth: ferie 4/7–25/7  
Lyder Vallestad: ferie 18/7–8/8  
Normann Hjortland: ferie 27/6–18/7

### Kontortider i ferien

#### Prestekontoret Indre Arna:

Kontortid: Tirsdag og fredag kl. 10.00–11.30.  
Torsdag kl. 17.30–19.00 (tlf.: 24 04 00)

#### Prestekontoret Ytre Arna:

Kontortid: Onsdag kl. 18.00–19.00 (tlf.: 24 13 25)

NB! Dette gjeld i tida 20. juni – 14. august.